




Kommuneplan for Masfjorden 2012 - 2024

Samfunnsdel

Masfjorden kommunestyre 31. mai 2012



VENTAR OG DRØYMER

*Til alle tider
har me stått
og sett etter
skuter som legg ut
og kjem att
kvite prikkar
mot synsranda,
stått og sett og venta
og gledd oss
til alle eventyra
der ute,
skunda oss til kaia
der båten skal
legga til,
venta og drøymt,
store draumar:
ein gong skal
det kanskje bli
min tur
ein gong skal
det bli meg
nokon ventar på*

Alf Strand



FORORD

Planprogrammet for kommuneplan for Masfjorden kommune vart vedteke i kommunestyret 28.05.2009 . Kommunen har tidlegare ikkje utarbeidd ein heilskapleg samfunnsdel av kommuneplanen, men har hatt kommunedelplanar på ulike fagområde. Gjeldande arealdel vart vedteken 23.02.2006. Arbeidet med kommuneplanen har vore krevjande, og teke mykje lenger tid enn føresett. Ny plan- og bygningslov har gitt faglege utfordringar og stiller store krav til kvaliteten på arbeidet.

Før kommuneplanen vert lagt fram til endeleg handsaming i Masfjorden kommunestyre, har vi hatt to høyringsrundar. Kommuneplanen vart først lagt ut til høyring hausten 2011. Etter dette handsama Masfjorden kommunestyre planen på nytt 21. februar 2012 og vedtok å senda arealdelen ut på 2.gongs høyring og leggja han ut til offentleg ettersyn. Grunnen til dette var at kommunestyret ville leggja inn framtidig brutrase for Masfjordsambandet.

Framlegget til kommuneplan for Masfjorden kommune 2012 - 2024 har følgjande dokument:

Samfunnsdel

Denne delen er ein heilskapleg gjennomgang av den kommunale verksemda. Samfunnsdelen peikar på utfordringar og drivkrefter for vår kommune, og prioriteringar, hovudmål, delmål og tiltak for planperioden er formulert.

Planskildring

Dette dokumentet viser tabellar over folketalsutvikling, pendling og sysselsetting. Planskildringa fortel korleis kommunen har arbeidd med kommuneplanen fram til dei juridisk bindande dokumenta, plankart og føresegner. Planskildringa viser korleis måla og satsingsområda i samfunnsdelen viser att i arealdelen. Planskildringa skal og lesast som retningsliner til plankartet

Plankart

Arealplankartet er juridisk bindande for arealbruken i kommunen.



Føresegner

Krav til arealbruk og planlegging som utdjupar plankartet og er juridisk bindande.

Konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

Her er framlegg til nye tiltak konsekvensutgreidd, ROS-analysert og verknadene for natur, miljø og samfunn dokumentert.

Tema- og verdikart

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen tok utgangspunkt i kommunen sitt prosjekt " Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden." Til grunn for dette prosjektet låg nedgang både i folke-tal og barnetal og svært lite bustadbygging i kommunen. Planprogrammet peika på behovet for folketalsauke og bustadbygging dersom Masfjorden skulle vera eit livskraftig og berekraftig lokalsamfunn i framtida. Dette vart og dei viktigaste måla for Masfjorden kommune i kommuneplanarbeidet.

I planprogrammet står det:

Folk = berekraft - både sosialt, økonomisk og i tenesteproduksjonen

Masfjorden kommune vil i kommuneplanperioden satsa vidare på lokalsamfunnsutvikling med folketalsauke, bustadbygging og næringsutvikling som tydelege satsingsområde. Dermed er samferdsle og kommunikasjon ei hovudutfordring, og bru over Masfjorden er sett som kommuneplanen sitt hovudmål for å få resultat på satsingsområda.

Med dette vert Kommuneplan for Masfjorden kommune 2012- 2024 med Samfunnsdel, Planskildring, Føresegner, Konsekvensutgreiing og Ros-analyse lagt fram til endeleg handsaming.

Masfjordnes 31.05.2012




Svein-Helge Hofslundsengen
- rådmann -





VISJON

Masfjorden kommune - ein kommune me er stolte av



Historia bak visjonen:

I 2001-2002 arbeidde me med revisjon av plan for administrativ organisering i Masfjorden kommune. Eit av spørsmåla me drøfta var å finna fram til ein god overordna visjon for kommunen vår. Det kom mange framlegg og alle vart forkasta fordi dei vart opplevd som honnørord utan konkret meining. I eit gruppearbeid sa ein av dei tilsette:

”Eg tenkjer enkelt:

Eg ønskjer å arbeida og bu i ein kompetent kommune som eg kan vera stolt av.

Eg vil gå heim frå arbeid og vera stolt av det arbeidet me gjer, stolt over kvaliteten på dei tenestene me tilbyr brukarane, stolt av korleis me samarbeider og utnyttar økonomiske og menneskelege ressursar.”

Visjonen vart handsama og vedteken i Masfjorden kommunestyre 06.09.2002.

Slik vart visjonen til.



Overordna mål for å nå visjonen:

- Masfjorden kommunen tener innbyggjarane slik at dei opplever ein god livskvalitet.
- Masfjorden kommune prioriter kvalitet og kompetanse . Kommuneorganisasjonen er kontinuerleg oppteken av å gjere ting betre (læringskultur).
- Masfjorden kommune er prega av heilskapstenking, tillit og tryggleik.
- Masfjorden kommune har inkluderande arbeidsformer, felles forståing av overordna mål og gjer heilskapelege prioriteringar
- Masfjorden kommune tar vare på natur-og kulturverdiane og har fokus på berekraftig lokalsamfunnsutvikling


Verkemiddel

- Enkel organisering med klare ansvars- og arbeidsoppgåver.
- Brukarfokus og brukarmedverknad
- Sikra ei kostnadseffektiv drift ut i frå gitte føresetnader.
- Heilskapstenking - ein kommune og eit resultat. Eigen etat/arbeidsområde er ein del av Masfjorden kommune.

Evaluering gjennom

- Brukarundersøkingar, arbeidsmiljøundersøkingar, innbyggjarundersøkingar
- Kvalitetsmålingar, utviklingsprogram, vurderingsopplegg
- HMT-registreringar
- Økonomisk resultat
- Samanlikning med andre kommunar





Kap. 1 : Bru over Masfjorden- vegen til vekst og utvikling

Hovudmål

Bru over Masfjorden innan 2020

”Ei bru over Masfjorden vil bety minst like mykje for utviklinga i Masfjorden og Gulen som det Nordhordlandsbrua har gjort for Nordhordland og Bergen.”

Bakgrunn

Ferjefri kryssing av Masfjorden har i fleire tiår vore eit tema, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Då traseen for kyststamvegen (noverande E39) skulle leggjast, var bru over Masfjorden, for å unngå fjellovergangen i Romarheimsdalen, eit heitt tema i fleire fasar. Det noverande vegnettet, med ferje frå Masfjordnes til Duesund, har vore slik frå siste del av 1980-talet. Alt før Austfjordvegen var ferdig i 1988 var arbeidet med ei mogeleg ferjefri kryssing av Masfjorden på nytt sett på dagsorden, og i 1989 vart det utarbeidd rapportar for alternative kryssingsmåtar og trafikk- og konsekvensanalyse.

Av ymse grunnar vart ikkje dette prosjektet arbeidd vidare med på 1990-talet. Kostnadane verka nok litt skræmmande, og kring denne tida vart det også snakk om ei mogeleg løysing med kabelferje som kunne gå heile døgnet når folk trong ho, - kanskje også gratis. Den kabelferjeløysinga som vart sett i drift i 2002 stod nok ikkje heilt til dei forventningane innbyggjarane hadde, men ferja har tross det vore ei meir tenleg løysing enn det gamle ferjesambandet på strekninga Masfjordnes – Duesund.

Den nyare tid

I 2006 vart ferjefri fjordkryssing på nytt sett på dagsorden, og det vart definert som eit av delprosjekta under hovudprosjektet ”Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden”. Hovudmålet med prosjektet var å snu den negative folketalsutviklinga vi har sett i kommunen dei siste 30–40 åra.

Kommunikasjonar har svært mykje å seia for ein kommune sin attraktivitet, og det å heile tida vera avhengig av ei ferje tel sterkt i negativ retning. Ferjestrekninga verkar heilt klårt som ei kløft i det sosiale livet i ytre del av Masfjorden, og det vil vera av stor positiv betydning for heile halvøya nord for Fensfjorden og heile Sørsida om fjorden kunne kryssast ferjefritt mellom Masfjordnes og Duesund. Næringslivet ynskjer sterkt eit ferjefritt samband, og det er etter kvart store forventningar til at sambandet skal koma på dagsorden i offisielle samferdselsplanar.

Med den betydninga ei ferjefri kryssing av Masfjorden vil ha for utviklinga av området på begge sider, er det i kommuneplanssamanheng naturleg å setja bruprosjektet opp som det store, overordna målet for samfunnsdelen i planperioden.



Det at kommunen er delt av fjorden og avhengig av ferje, skaper kostnadsauke og mange utfordringar og hindringar. Å få ei bru over fjorden vil gje nye moglegheiter for

- drift og utvikling i næringslivet
- arbeidsmarknaden/pendlarane
- det kulturelle og sosiale samkvemet i bygda
- effektiv og likeverdig drift av kommunale tenester i dei tre oppvekstområda
- arbeidet med å leggja til rette for senterdanning i kommunen

I perioden som har gått, har Masfjorden sett av midlar til forprosjekt for bru over fjorden, gjennomført kartlegging av sjøbotnen og djubdemålingar for brutraseen og etablert kontakt med vegvesenet og fylkeskommunen om bruprojektet. Bru over Masfjorden har vore presentert og drøfta på næringskonferansen for Masfjorden og Gulen. Prosjektet har første prioritet i lokalsamfunnsutviklinga for Masfjorden. Forprosjektrapporten er venta å bli klar sommaren 2011

Masfjorden kommunestyre står samrøystes bak satsinga på bru over fjorden og utbetring av Fv 570 Andås - Masfjordnes. Brua vil vera avgjerande for å sikra at Masfjorden er ein attraktiv stad å bu. Brua vil medverka til å skapa:

- Eit næringsliv i vekst og utvikling
- Gode bustadområde og levande bygder
- Gode levekår, trivsel og livskvalitet
- Kultur- og aktivitetstilbod for alle
- Gode kommunikasjonar

**Masfjorden kommune
si strategiske hovudsak og fremste prioritet
i kommuneplanperioden er
bru over Masfjorden.**



Kap. 2 : Bakgrunn. Planprosess og val av fokusområde.

Innleiing

Levande lokalsamfunn er avhengig av engasjementet blant befolkninga. Eit levande demokrati er avhengig av påverkinga frå innbyggjarane. Kommunen har ansvar for å løyse våre felles oppgåver. Korleis kommunen løyser oppgåvene er vårt felles ansvar.


I kommuneplanen grip me tak i dei viktige utfordringane for Masfjorden. Me set mål for samfunnet vårt i framtida og formar strategiar og tiltak for å nå måla. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal fortelja korleis me meiner me kan skapa eit best mogleg samfunn – både for oss og dei som kjem etter oss.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein langsiktig plan, med brei samfunnsmessig tilnærming, som konkretiserer politiske mål og visjonar for utviklinga av Masfjorden kommune. Planen trekkjer opp visjonar og mål for kommunen både som samfunn, som myndigheit og som tenesteytar. Kommuneplanen skal vera ein lokalpolitisk styringsreiskap i samspel med nasjonale og fylkeskommunale planar og føresegner.

Arbeidet med kommuneplanen legg til grunn kravet i kommunelova om at alle kommunar skal utarbeida ein kommuneplan med mål og strategi for den langsiktige utviklinga i kommunen. Kommunen må vurdere si verksemd og sitt lokalsamfunn for å identifisera behov på ulike samfunnsområde. Kommuneplanen skal visa korleis behova skal dekkast, og leggja grunnlaget for val av verkemiddel og viktige prioriteringar.

Kommuneplanen er det viktigaste og mest overordna styringsverktøyet kommunen har, og gjev grunnlaget og rammer for all anna planlegging/aktivitet.

Samfunnsdelen av kommuneplanen viser att i arealdelen. Kommuneplanen sin arealdel er utarbeidd etter ny Plan- og bygningslov av 2008.



Gjennomføring av planarbeidet

Planprogrammet vart vedteke i Masfjorden kommunestyre 28.05.2009

- Innbyggjardialog og medverknad er ivareteke gjennom:
- Innkomne innspel og dialog/synfaring med forslagsstillarane
- Folkemøte
- Opne temamøte om
 - Akvakultur, Matre*
 - Landbruk, Masfjordnes*
 - Oppvekst, Nordbygda*
 - Bustadbygging, Masfjordnes*
- Prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden" med eigne arbeidsgrupper for Matre, Hosteland og Sandnes, ungdom og kultur, næringsutvikling og samferdsle.

Kommunen har lagt vekt på å få fram ny dokumentasjon og prioriteringsgrunnlag gjennom følgjande tiltak:

- Gjennomføring av Innbyggjarundersøking i regi av Bedre kommuner (eigen rapport)
- Næringsanalyse Gulen/Masfjorden v/ Telemarksforsking (Eigen rapport)
- Analyse og gjennomgang av Kostratal og Kommunebarometeret 2010
- Stadanalyse Masfjordnes (Asplan Analyse)
- Stadanalyse Matre (Rambøll)
- Stadanalyse Hosteland (Nordconsult)

Gjennom arbeidet med det kommunale prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden" og deltaking i miljødepartementet sitt prosjekt "Livskraftige kommunar" har vi fått identifisert og drøfta utviklingstrekk og drivkrefter som påverkar utviklinga i vår kommune. På grunnlag av innspel frå arbeidsgruppene, innbyggjarundersøkinga, næringsanalysen og kvalitetsvurderingar av det kommunale tenestetilbodet har vi gjort ei vurdering av status og kvalitet sett i høve til lokale og nasjonale krav, framtidig trusselbilette for lokalsamfunnet, samfunnsutvikling i kommunen og regionen. Vi har også grunnlag for å identifisera sterke sider ved vår kommune som vi kan satsa på i framtida.



I kommuneplanen sin samfunnsdel seier Masfjorden kommune noko om korleis me kan møte utviklinga og arbeida mot vedtekne mål på best mogleg måte. Då handlar det om alle innbyggjarane. Det handlar om kvar ein kan byggja og bu, kva slags tilbod ein skal kunna ta i mot gjennom kommunale tenester og korleis kommunen kan bidra til ei best mogleg samfunnsutvikling. Det handlar også om dei områda som er avhengig av at det er etablert eit godt partnerskap mellom det offentlege og innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringsliv.

Utviklingstrekk - drivkrefter

Ulike utviklingstrekk og drivkrefter vil påverka Masfjorden i åra fram mot 2020. Nokre av dei kjenner vi godt til, som folketalsutviklinga, lokal næringsutvikling, kommunal tenesteyting og vedtekne nasjonale reformer. Andre er usikre, som tilgang til kompetente medarbeidarar, framtidig kommunestruktur og regional næringsutvikling. Utviklinga av Masfjorden kommune kan gå i ulike retningar, alt etter kva drivkrefter som vil gje sterkest påverknad i lokalsamfunnet. Masfjorden kommune vil samla innsatsen på dei felte me kan påverka, og som på best vis kan gje livskraftige lokalsamfunn i Masfjorden i framtida. Då er det auke i innbyggjartalet og næringsutvikling som peikar seg ut.

Folketalet i kommunen vår har gått markert ned frå 80-talet og til i dag. Dette er den største trusselen mot å vera eit livskraftig og berekraftig lokalsamfunn. Kommunen har dei siste åra hatt fokus på lokalsamfunnsutvikling, vi har gjennomført eit breitt prosjekt på lokalsamfunnsutvikling med hovudvekt på bustadbygging. Nedgangen i folketalet har flata ut, og vi har ein klar auke i folketalet i 2010. Benchmarking gjort av Telemarksforskning i 2010 på næringsutvikling og attraktivitet i Masfjorden og Gulen viser at Masfjorden sine satsingar på å vera ein attraktiv kommune å bu i har lukkast i denne perioden. Dette er ein stor inspirasjon til å prioritera dette arbeidet vidare.

Næringsutviklinga i Masfjorden kommune skårar dårleg. Benchmarking gjort av Telemarksforskning i 2010 på næringsutvikling og attraktivitet i Masfjorden og Gulen viser at Masfjorden har svært dårleg næringsutvikling. Noko av dette kan forklarast ved at Masfjorden har samarbeidd med Gulen i snart 20 år om ei vellukka utvikling av arbeidsplassar i Sløvåg gjennom innsats i Gulen og Masfjorden utviklingsselskap. Mange masfjordingar arbeider i Sløvåg og bur i Masfjorden. Likevel er den svake næringsutviklinga i Masfjorden på alle måtar ei hindring for utvikling av ein variert arbeidsmarknad og vekst i lokalsamfunnet. Vi kan førebels ikkje sjå resultat av arbeidet med lokalsamfunnsutvikling på næringsområdet. Men vi har gjennomført fleire næringsstiltak i lokalsamfunnsutviklingsprosjektet som er vellukka og gjev von om positiv utvikling. Næringsutvikling krev fokus og tiltak i kommuneplanperioden. Vi må arbeida langsiktig og framtidsretta, frigjera tilstrekkeleg ressursar og kapasitet til å satsa offensivt på utvikling av lokalsamfunnet og tilrettelegging for auke i arbeidsplassar. Uansett framtidig kommunestruktur- bygdene våre treng fleire folk og fleire varierte arbeidsplassar.



Viktige signal frå innbyggjarundersøkinga

Innbyggjarane i Masfjorden meiner mykje er bra i eigen kommune. Samstundes gjev innbyggjarane tydelege signal om kva område som det må arbeidast meir med. Det gjeld:

- Vegar og vedlikehald
- Areal til bustader i alle bygder
- Skrotfri kommune
- Likebehandling
- Kommunen som ombodsmann mot storsamfunnet
- Kultur, idrett, møteplassar
- Arbeidsplassar, kafear, mv= kommunen som initiativtakar til partnerskap

Mange har med rette store forventningar til kommunen, og det er positivt. Samstundes vil det vera viktig å gjera ei forventningsavklaring om kva rolle og mynde kommunen har. Informasjon til innbyggjarane vil vera eit prioritert område framover. Undersøkinga viser eit omdømmegap ved at ikkjebrukarane gjev dårlegare poengskår enn brukarane av dei kommunale tenestene. Svaret "veit ikkje" gjev også kunnskap om at innbyggjarane meiner dei veit for lite. Eit godt kommunalt informasjonsarbeid kan betra dette.

Prioriterte område,

kvalitetar vi satsar på og utviklar vidare



Gode levekår

Masfjorden kommune har svært gode resultat på ulike målingar for levekår. I 2010 hadde vi lågast arbeidsløyse i fylket, færrest på sosialhjelp, relativ låg andel sjukemelde og låg andel uføretrygda. Masfjorden kommune vil gjera alt vi kan for å sikra gode levekår vidare.

Godt oppvekstmiljø

Me har trygge lokalsamfunn, full barnehagedekning, gode fritidstilbod, og gode skular som leverer svært gode læringsresultat, og har gode skulemiljø. Rikt kulturliv, aktiv kulturskule og godt idrettstilbod for alle aldersgrupper.



Kvalitet, kompetanse og kapasitet i dei kommunale tenestene.

Me skårar og jamt over godt på dei fleste kommunale tenestene, noko som er dokumentert i

- Forvaltningsrevisjonar
- Gjennom arbeid i KS sine effektivitetsnettverk
- Kommunebarometeret 2010
- Brukarundersøkingar over fleire år.
- Medarbeidarundersøkingar

Samla sett kan ein sei at kommunen har gode tenester på oppvekst, pleie-og omsorg og helse. Me har god fagdekning, flinke fagfolk, og stor grad av fornøgde brukarar. Samstundes krev statlege reformer fornya innsats på alle desse områda. Brukarfokus, utviklingsprosjekt og kompetanseheving for dei tilsette må prioriterast i åra som kjem.

På TML sitt tenesteområde har vi hatt utfordringar med kapasitet og kvalitet. Mykje av grunnen til dette er vanskar med å rekruttera ingeniørar og landbruksfagleg kompetanse, og høg turn-over i desse stillingane. Dette hemmar arbeidet med lokalsamfunnsutvikling. Kommunen vil arbeida aktivt med denne utfordring i kommuneplanperioden.

Likeeins må Masfjorden kommune prioritera samfunnstryggleik og beredskap i komande planperiode. Kommunen har svært spreidd busetnad, og fokus på samfunnstryggleik og beredskap er viktig for tryggleiken til innbyggjarane.

Livskvalitet og naturopplevingar i eit reint miljø

Masfjorden kommune har urørte naturkvalitetar som strekkjer seg frå øyriket i ytste Fensfjorden til høgfjellet i Stølsheimen. Me har verdfulle kulturlandskap som viser både kystkultur, landbruk og seterdrift. Busetnaden ligg langs fjorden og langs vassdraga våre. Masfjorden kommune vil i kommuneplanen sin arealdel bevara naturkvalitetane for komande slekter, og samstundes leggja til rette for at nye utbyggingsområde kan bli like godt plassert som dei gamle busetnadene. Kommunen satsar på nye byggeområde som fortetting eller plassering i nær samanheng med eksisterande busetnad og nær etablert infrastruktur.

Masfjorden er også ein attraktiv fritidskommune, med stor etterspurnad etter hytter/ fritidshus. Kommunen satsar gjennom ein eigen kommunedelplan på utvikling av Stordalsområdet for både hyttebygging, sommar- og vinteraktivitetar. Kommunen ynskjer ei planstyrt utvikling av hyttefelt, og vil særleg leggja vekt på at dette ikkje kolliderer med landbruksinteresser, bustadbygging og attraktiviteten som dei fastbuande innbyggjarane opplever og utviklar.



Masfjorden kommune forvaltar store naturverdiar, og innbyggjarundersøkinga viser at masfjordingane opplever lite støy og forureinsing. Parallelt med utarbeiding av kommuneplanen har vi ferdigstilt Kommunedelplan for energi- og klima 2011-2015 og fastsett mål og tiltak. Ved gjennomføringa av tiltaka i kommunedelplanen vil kommunen sikra at vårt lokalsamfunn også i framtida bidreg positivt til å sikra natur, miljø og rein energi for komande slekter.

Fokusområde 2011-2023

Kommuneplanarbeidet har som mål å førebyggja og løysa dei viktigaste utfordringane me står overfor i planperioden. Masfjorden kommune har i stor grad dei same utfordringane som kommunane rundt oss. Men vurderingar av vårt lokalsamfunn og den kommunale verksemda, viser tydeleg at nokre område løysar me godt, medan andre område vil krevja stort fokus og større innsats. Dette må me ta konsekvensane av i prioriteringsarbeidet. Utfordringar og dokumenterte behov må vegast opp mot ressursar og kapasitet, og me må satsa på verdiar og kvalitetar som me kan byggja vidare på.

Tydelege prioriteringar er avgjerande for å få fram ein kommuneplan som er gjennomførbar og realistisk. Masfjorden kommune som lokalsamfunn kan nå måla ved å samla ressursar og innsats målretta. Etter vurdering av utfordringar, drivkrefter og kvalitetar vil Masfjorden kommune prioritera desse fokusområda i kommuneplanperioden:

- Lokalsamfunnsutvikling- folketal og næring
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Energi og klima
- Folkehelse
- Kvalitet og kompetanse
- Kommunal tenesteproduksjon
- Arealforvaltning

Dei prioriterte områda har eigne kapittel med mål, strategiar og tiltak



Kap 3: Lokalsamfunnsutvikling

Hovudmål :

Folketalsauke og næringsutvikling.

Status :

Lokalsamfunnsutvikling er langsiktig og framtidsretta arbeid. I ein pressa kommunal kvardag med avgrensa økonomiske og menneskelege ressursar, hender det at dei kortsiktige utfordringane ved dagleg drift og kommunal tenesteproduksjon styrer så mykje at kommunen si rolle som samfunnsutviklar blir usynleg. Konsekvensane av å nedprioritera lokalsamfunnsutvikling kan bli svært negative for kommunen. Masfjorden kommune har erkjent dette og frå 2006 har me hatt ei brei satsing på det kommunale prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden". Me har også delteke i miljøverndepartementet sitt prosjekt "Livskraftige kommunar"

Då Masfjorden gjorde kommunestyrevedtak om prosjektet Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden, hadde me identifisert følgjande utfordringar:

- barnetalet hadde gått ned
- folketalet hadde gått ned
- lite bustadbygging i kommunen, ikkje tilfredsstillande bustadmarknad til folk som fekk jobb her
- me trong fleire arbeidsplassar, særleg kompetansearbeidsplassar
- kommunen vår hadde stort behov for synleggjering, synleggjering, synleggjering
- kulturlivet var rikt, men eldsjelene få

Utfordringane vart drøfta, administrativt og politisk. Politikarane valde samrøystes å satsa på lokalsamfunnsutvikling, og det vart sett ned ei politisk styringsgruppe der alle politiske parti i kommunestyret var representert. Prosjektet sette ned fleire arbeidsgrupper, og målet var å få fram ein langsiktig og framtidsretta plan der også innbyggjarane og næringslivet vart engasjert. Kommunen ville frigjera tilstrekkeleg ressursar og kapasitet til å satsa offensivt på utvikling av lokalsamfunnet og tilrettelegging for auka innbyggjartal og arbeidsplassar. Det vart tilsett eigen prosjektleiar for satsinga.

Ein av dei erfaringane me gjorde då arbeidet starta, var at me mangla relevant dokumentasjon over tilstand og utvikling i eigen kommune. Kommunen hadde over tid forsømt det overordna og langsiktige planarbeidet. Me hadde fleire gode og konkrete planar for den kommunale tenesteproduksjonen, men plan og målsettingar for samfunnsutviklinga mangla. Me har no arbeidd i fem år med systematisk fokus på lokalsamfunnsutvikling.



Folketal og bustadbygging

Hovudmål :

Livskraftige bygder og auka folketal

Status:

Nedgangen i folketalet er den største trusselen mot eit berekraftig lokalsamfunn. Det er naudsynt med variert tilgang på bustader dersom vi skal oppretthalda og auka folketalet. Masfjorden har mange store einebustader, og det er naudsynt å arbeida for fleire alternative buformer. Ikkje alle har råd til å byggja einebustad. Familiestrukturen er i endring, og unge, einslege og små familiar ynskjer ofte leiligheiter. Mangelen på utleigebustader i kommunen gjer at terskelen for å flytta til Masfjorden har vore svært høg. For å flytta hit, har det vore naudsynt å investera i eigen bustad. Det er få private utleigarar, og BKK og kommunen har eigd dei fleste utleigebustadene. Dette er no i endring. BKK avviklar sine bustadeigedommar.

På 70-og 80-talet var det kommunen som investerte i infrastruktur og grunnkjøp og etablerte kommunale bustadfelt. Dette er endra. Etter at kommunen ein periode ikkje hadde økonomi til å gjera slike investeringar, har vi dei siste åra satsa mykje på planlegging og etablering av byggeklare tomtar og etablering av fleire utleigebustader. Alle bustadfeltene som har kome til i denne perioden er utvikla av grunneigarar, lokale firma og unge etablerarar. Kommunen har vore samarbeidspart, og levert veg og vatn der det har lege til rette for det.

Desse feltene er etablert dei siste åra:

- Etablering av byggeklare bustadfelt på Duesundøy, Haugsvær, Træsdalshaugane, Kvingebakken, Einestrand, Giljane. Skjelsundet er alt utseld.
- Ferdig regulert privat byggefelt i Ytre Haugsdalen. Dette feltet ligg nær arbeidsplassane i Sløvågen.
- Under planlegging: Mjangerslia, Matresøya, Rekneset, Kalvberget



Det er viktig og arealeffektivt å styrkja ei viss senterdanning i kommunen. Kommunen har hatt særleg fokus på bustadutviklinga i dei tre sentra vi har, Matre, Sandnes og Hosteland. Det er viktig at desse tre stadene har både utleigebustader og byggeklare tomter. Dette er stader med eit samla kommunalt tenestetilbod (skule, barnehage, pleie og omsorg) Det er også område der service og handel er etablert og kan vidareutviklast. Kommunen har bygd omsorgsbustader/avlastningsbustader og utleigebustader på Hosteland og på Sandnes. Kommunen har og delteke i eit prosjekt for å etablere fleire bustader på Matre, men dette har førebels ikkje lukkast. Matre har store utfordringar når det gjeld tilgangen på byggeland. No er planarbeidet for vegutløysing til Matresøya i gang. Dette vil gje høve til å utvikla eit nytt bustadområde for Matrebygda.

Kommunen sitt hovudmål i kommuneplanperioden er bru over Masfjorden. Hovuddelen av bustadutviklinga for ytre delen av kommunen bør for planperioden leggjast på strekninga Skjelsundet- Kvamme . Når brua kjem, vil dette bli ein naturleg akse for fortetting og senterdanning. Likeeins er aksen Matre-Haugsvær eit naturleg vekstområde, og ein mogleg gang-og sykkelsti mellom desse to bygdene bør utgreiast i planperioden.

Men største delen av innbyggjarane i Masfjorden bur i små bygder langs fjorden, og kommunen er svært grisgrendt. Busetnaden er i stor grad knytt til strukturen i landbruket. Det er avgjerande for utvikling og trivsel i landbruket at unge etablerarar kan byggja bustader på gardane dei skal overta og at folketalsutviklinga i bygdene er stabil og positiv. Det må vera areal for bustadbygging i alle bygder, jfr arealdelen av kommuneplanen. Det vil ofte vera konflikhtar mellom innspela på bustadareal og kjerneareal for landbruk, rasfare. Dette er t d situasjonen på Andvik, der kommunen har fått innspel om bustadareal frå 7 unge etablerarar. Gode løysingar for bygdene krev at kommuneplanen blir følgt opp med stadanalsar, geolograpportar og godt detaljplanarbeid.



Delmål 1 :

Etablere bustadfelt på Matresøy

Tiltak:

- Ferdigstill områdeplan for Matre som gjer det mogleg å nytta massar frå BKK si bygging av ny kraftstasjon i Matre til steinfylling som gjev vegutløysing til Matresøya.

Delmål 2 :

Bustadutvikling langs aksene Skjelsundet-Kvamme

Tiltak:

- Etablere byggeklare tomter for einestader og småhusvære
- Synleggjere og vurderer aktuelle bustadområde som medverkar til fortetting i kommuneplanen sin arealdel.
- Områdeplan for byggeområde og vegløyser på Sandnes.
- Områdeplan for byggeområde Skjelsundet-Hosteland med gangveggar

Delmål 3 :

Levande bygder

Tiltak:

- Stadanalyse Andvik
- Kompetanseauke og ny kunnskap gjennom interkommunalt rasprosjekt



Kultur og næringsutvikling

Hovudmål :

Eit næringsliv i vekst og utvikling

Status

Dei siste åra har det vore fleire positive milepælar i arbeidet med næringsutvikling i Masfjorden. Stikkord er:

- Etablering av Masfjorden næringsforum, med sekretariatsfunksjon hjå Gulen og Masfjorden utviklingselskap. Næringsforumet skaper møteplassar for dei næringsdrivande og er samarbeidspart for kommunen. Næringsforumet har etablert samarbeid med Gulen næringsråd, og saman med GMU har dei arrangert næringskonferansar for Masfjorden og Gulen.
- Telemarksforskning har levert Næringsanalyse for Masfjorden og Gulen. Benchmarking av næringsutvikling og attraktivitet.
- Utviklinga av Stordalen som friluft- og aktivitetsområde i samsvar med kommunedelplan for Stordalen. Skitrekk, hyttefelt, utviding Stordalen fjellstove
- Sommarscenen på Sandnes og Bjørn Westmuseet . Utbetring og profesjonalisering av musea og samlingane i kommunen. Opne museum, kunstutstillingar.
- Etablert Grøn næringspark Matre, m sykkelbane, buldrestein, klatrevegg og park
- Kraftspela på Matre, marknadsdag og marknadsføring av kommunen.



Me har erfart at næringsutvikling er krevande. Me har som mål å auka kommunen sitt næringsengasjement i kommuneplanperioden . Med jamn vekst i befolkninga, betyr målet om å auka arbeidsplassdekninga at det må leggjast til rette for å etablera fleire arbeidsplassar. Masfjorden kommune skal difor driva eit allsidig og målretta arbeid for å stimulere til positiv næringsutvikling i kommunen. Dette inneber ein meir aktiv rolle frå kommunen si side enn det som var lagt til grunn i tidligare overordna mål om at «Masfjorden kommune skal vere ein næringsvennleg kommune ...».

Masfjorden kommune skal ha eit nært samarbeid med det etablerte næringslivet for å utvikle strategiar og arenaer som kan bidra til framtidig næringsutvikling i kommunen. I tillegg til næringsområde som er nemnde spesielt i gjeldande næringsplan, bør Masfjorden kommune leggja vekt på å utvikle strategiar for handel/service og reiseliv /opplevingar.

Masfjorden kommune vil knyta sitt arbeid med næringsutvikling tett til prosessane som går i Gulen og Masfjorden utviklingselskap, Regionrådet Nordhordland IKS, Business Region Bergen og arbeidet med strategisk næringsplan, fylkeskommunen sitt nærings-og utviklingsarbeid og satsingsområda i Regionalt utviklingsprogram.

Delmål 1 :

Aktiv næringspolitikk

Tiltak:

- Næringsretta kompetanse i kommuneadministrasjonen.
- Langsiktig satsing gjennom GMU på etablerarretteleing og næringshage som verkemidlar for bedriftsetableringar
- Fremja entrepenørskap og innovasjon ved å oppretta eit kommunalt utviklingsstipend på kr. 150 000
- Tett samarbeid med eksisterande næringsliv
- Revidera Strategisk næringsplan for Masfjorden, og synleggjera strategiar for handel/service og reiseliv/opplevingar
- Utarbeida temakart for næringsareal i kommunen



Delmål 2

Næringsliv og bustadmarknad i Masfjorden vert effektivt marknadsført

Tiltak:

- Medverka til møteplassar, arrangement og publikasjonar som gjev opplevingar og kjennskap til Masfjorden
- Etablera partnerskap med næringslivet om aktiv informasjon og marknadsføring av tilgjengelege næringsareal
- Styrkja det kommunale informasjonsarbeidet.





Kap 4: Samfunnstryggleik og beredskap

Overordna mål for beredskapsarbeidet:

Masfjorden kommune skal vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i.

Definisjon:

Systematisk beredskaps og samfunnstryggleiksarbeid er tiltak for å førebyggja og effektivt kunna handtera hendingar som truar liv, helse, miljø og viktige samfunnsverdiar og krev ekstraordinær innsats. Effektiv innsats ved ulukker og kriser skal gjera at ein snarast råd er attende i normalsituasjon.

Lovverket pålegg kommunane å ivareta tryggleik og beredskap for m a

- Beredskapsmessige omsyn i arealplanlegginga etter PBL-lova
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann og eksplosjonsvern
- Sikkert drikkevatt
- Informasjon



Status:

Masfjorden kommune har delteke i alle beredskapsøvingar initiert av fylkesmannen. Me har ein beredskapsorganisasjon der personar med dagleg leiar- og fagansvar også er dei som arbeider saman i kommunal kriseleiling og i kommunen sitt kriseteam.

Masfjorden kommune har god kompetanse på helseberedskap. Den tverretatlege støttegruppa er kommunen sitt kriseteam. Kommunen har etablert kriseleiling i nokre høve for å følgja opp ulukker, og har ved fleire høve erfart at førstelinja (kriseteamet og brannstyrken) fungerer godt. (trafikk, drukning, brann) For å utvikla kompetansen på dette området har kommunen starta eit samarbeid med senter for krisepsykologi, og gjennomført kurs for alle leiarar, helsetenesta og det kommunale kriseteamet.

Etter ein periode med dårleg rekruttering til brannstyrken, er ein no fullt bemanna på alle stasjonar. Det er vedteke samarbeid med Gulen kommune om felles brannsjef og brannberedskap. Brannstyrken har hjartestartarar ved alle stasjonar og har opplæring i dette. (first responders.) Brannstyrken arbeider også med akutte forureiningar (tankbilvelt, forureining på sjø). ROS-analyse for brannberedskapen er utarbeidd av Norconsult, og i samarbeid med Gulen kommune.

Vi har vedtekne kommunale planar for beredskapen på fleire av beredskapsområda, men ufullstendig samla planverk. Fleire av planane har behov for revisjon. Planen for atomberedskap er ikkje vedteken i kommunestyret. Kommunen har ikkje fastsett rutiner for revisjon av beredskapsplanverket, og når ein ser bort frå brannøvingar har kommunen i liten grad kjørt eigne beredskapsøvingar.

Kommunen er oppteken av beredskapsmessige omsyn i arealplanlegginga. Samfunnstryggleik er sentralt i arbeidet med kommuneplanen. Det er vedteke akseptkriterie i samband med kommuneplanarbeidet. Alle nye innspel vert konsekvensutgreidd og ROS-analysert. Det er utarbeidd verdikart for heile kommunen og den funksjonelle strandsonen er kartlagt. Vi har vedteke kjerneområde for landbruk. Kommunen har gått inn i eit interkommunalt skredsamarbeid med støtte frå fylkesmannen. Kommunen er i ferd med å etablere grunnvassforsyning ved alle sine vassverk. Kommunen deltar også i arbeidet med ein interkommunal plan som fylkesmannen har initiert for Fensfjorden, der beredskapen er sentralt tema.



Delmål 1:

Masfjorden kommune skal fokusera på effektiv førebygging av uønskte hendingar.

Tiltak:

- Utarbeida full ROS-analyse for kommunen
- Satsa på førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunnskritiske funksjonar i tråd med funna i ROS-analysen.
- Ivareta tryggleik og beredskap i planlegging, tenesteyting og sakshandsaming
- Leiar i fredstid = leiar i kriser = fokus på førebygging i dagleg drift

Delmål 2

Masfjorden kommune skal ha ein handlingsdyktig brann- og beredskapsorganisasjon

Tiltak

- Når overordna mål for samfunnstryggleik og beredskap er vedtekne i kommuneplanen skal Masfjorden kommune gjennomgå heile beredskapsplanverket, evaluering og rullering
- Masfjorden kommune skal etablera rutine for revisjon av heile beredskapsplanverket i kvar valperiode
- Arbeidet med brann og beredskap skal ha kompetanseutvikling som hovudstrategi
- Masfjorden kommune skal ha tenleg redningsutstyr, og plan for innkjøp på dette feltet skal arbeidast inn i økonomiplanen.
- Masfjorden kommune skal ha informasjonsplan både internt i organisasjonen og for informasjon til innbyggjarane.



Delmål 3

Vårt kommunale beredskapsarbeid skal fokusere på reduserte skadeverknader av uønskede hendinger.

Tiltak

- Brann og beredskapsøvingar



Kap 5: Energi og klima

Visjon

“Masfjorden kommune si framtid skal byggast på trivsel og livskvalitet med utgangspunkt i ei berekraftig utvikling. Med eit energi- og klimafokus skal Masfjorden kommune ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling.”

Status og val av fokusområde

Masfjorden kommune har store naturverdiar, lite forureinande industri og produserer mykje rein energi. Dette er eit godt utgangspunkt for vår miljøsatsing. I arbeidet med energi og miljø vil me ta ansvar for energibruk og klimapåverknad frå innbyggjarar og næring i Masfjorden. Dette gjeld også når innbyggjarane er på reise utanfor kommunen eller når andre er turistar hjå oss.

Kommunen har utarbeidd kommunedelplan for energi og klima som styringsverktøy i dette arbeidet. Den viktigaste grunnen til å etablera kommunedelplan for energi og klima for Masfjorden er å få ein reiskap som sikrar planmessig ressursbruk i saker som vedrører energi-bruk i egne bygg. Med utgangspunkt i den generelle samfunnsdebatten er det i dag naturleg at planen i tillegg vert ein reiskap for alt arbeid som vedrører energi og klima i heile kommunen.

Planen set kommunen sine egne prioriteringar i samheng med overordna nasjonale mål og vil fungera som støtte for sakshandsaming og vedtak ved framtidige bygge- og utbyggings-saker.

Arbeidet med kommunedelplan for energi og klima har gått parallelt med revisjon av kommuneplanen, og mål og tiltak for arbeidet med energi og klima i Masfjorden kommune i kommuneplanen sin samfunnsdeler henta frå kap. 3 , Mål og fokusområde i kommunedelplan for energi og klima. I kommunedelplanen er tiltaka som skal setjast i verk for å nå måla, vedtekne.

Masfjorden kommune har peika ut fire fokusområde for kommunen sitt arbeid med energi og klima og utvikla mål og delmål for desse. Dersom ikkje anna er spesifisert, gjeld alle målformuleringar for heile planperioden. Fokusområda er:

- Fokusområde 1: Energibruk**
- Fokusområde 2: Utslepp**
- Fokusområde 3: Klimatilpassing**
- Fokusområde 4: Lokal produksjon**



Energibruk

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil redusere samla energibruk, arbeida for auka energifleksibilitet og omlegging til nye fornybare energikjelder.

Delmål for dette området er:

- 10% reduksjon energibruk egne bygg
- Alle nye næringsbygg skal vurdere energifleksible løysingar og alternative energikjelder for varme og kjøling.
- Kommunen skal auke areal med vassboren varme i egne bygg med minst 10 %.

Utslepp

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil arbeida for reduksjon av utslepp som er skadelege for klima eller lokalmiljø.

Delmål for dette området er:

- Samla lokaltrafikk skal reduserast med minst 10 %, målt i personkilometer.
- Masfjorden sitt interne transportbehov skal reduserast med minst 10 % innan 2015, målt i årleg køyrelende på eigen bilpark.
- Masfjorden kommune skal redusere drivstofforbruket i egne køyretøy.
- Masfjorden kommune sine køyretøy skal ha ein miljøvenleg profil.
- Det skal vere minst 1 fyllestasjon for alternative drivstoff som t.d. gass, biodiesel eller etanolblanda bensin i Masfjorden kommune.
- Det skal opprettast minst 5 ladestasjonar for el-bilar i kommunen.
- Avfallsmengda i Masfjorden kommune skal reduserast med 15 % innan 2015.
- Kommunen skal redusere den lokale luftureininga med 15 % innan 2020.
- All kloakk som ikkje går inn på offentleg leidning skal minimum førast gjennom slamavskiljar før utslepp til sjø.



Klimatilpassing

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil møte venta klimaendringar på ein planmessig måte og vurdere nye beredskapsmessige tiltak og andre tilpassingar ut frå forventa klimaendringar. Masfjorden kommune skal ikkje planleggja eller "byggja inn" ny sårbarheit i samfunnet.

Delmål for dette området er:

- Alle kraftutbyggingar skal vurdere eventuell auka fare for flaum, erosjon eller skred.
- Alle nye reguleringsplanar skal inkludera ei vurdering av risiko/ konsekvens av eventuelle klimaendringar.
- Forventa endringar i havnivå skal ikkje medføra skader på bygningar og tekniske anlegg.

Lokal produksjon

Hovudmål:

Masfjorden kommune vil sikre ei planmessig utvikling av tradisjonelle og nye former for lokal energiproduksjon for å ivareta både klima, lokalmiljø og eigne innbyggjarar.

Delmål for dette området er:

- All energiproduksjon skal ta omsyn til fleirbruksverdi. For små prosjekt som ikkje er konsesjonspliktige, skal kommunen si sakshandsaming ivareta dette.
- Auka bruk av varmpumpe skal bidra til redusert stasjonær energibruk.





Kap 6: Folkehelse

Hovudmål :

Gode og aktive dagar - for alle i Masfjorden!

Definisjon:

Folkehelse i Masfjorden kan definerast som "Den samla helsesituasjonen eller helsetilstanden for alle innbyggjarane i Masfjorden kommune".

Det er ingen overordna definisjon av folkehelse i Noreg, men omgrepet består likevel av to komponentar (NOU 1998: 18):

1. Lågt nivå av sjukdom og gode leveutsikter

Så få som mogleg blir ramma tidleg i livet av sjukdom vi har kjennskap til korleis ein kan unngå.

2. Befolkninga har høg livskvalitet

Vi meistrar dei utfordringar dagleglivet og eit vanleg livsløp byr på, og vi føler vi lever eit meningsfullt liv, og at det er bruk for oss.

Folkehelse er og eit samla omgrep som syner at alle aspekt av liva våre har betydning for folkehelsa. Perspektivet går ut over at fråver av sjukdom er lik god helse og folkehelse. Det motsatte er òg tilfelle – sjukdom eller funksjonshemming svekkar ikkje nødvendigvis livskvaliteten og folkehelsa. Forståing av og arbeid med folkehelse krev derfor evne til å tenkja heilskap. Folkehelse og folkehelsearbeid er derfor ikkje knytt stramt berre til det tradisjonelle helsevesenet.

Det er avgjerande at folkehelsearbeid både er integrert i andre område, som eksempelvis samferdsel, skule og næringsutvikling og i tillegg består av konkrete, sjølvstendige område og folkehelseiltak. Det er eit politikaransvar å setja folkehelsearbeidet inn i eit heilskapleg perspektiv og ikkje isolera arbeidet i helsetenesta eller enkeltstående helsefremjande eller førebyggjande prosjekt.

Omgrepet "folkehelsearbeid" er meir presist definert; som "samfunnets totale innsats for å opprettholde, bedre og fremme folkehelsen. I dette ligger nødvendigheten av å styrke verdier som gir det enkelte individ og grupper muligheter for ansvar, delaktighet, solidaritet, mestring og kontroll over eget liv og situasjon." (NOU 1998:18 s. 67) Innhaldet i omgrepa folkehelse og folkehelsearbeid viser at dette dreier seg om summen av dei faktorar som påverkar helsetilstanden og at det dermed angår alle sektorar i kommunen.

Det overordna målet er fleire leveår med god helse, og å redusera helseskilnader.



Status

Både ny folkehelselov og ny helse- og omsorgslov legg eit stort ansvar på kommunane som hovudaktør i folkehelsearbeidet.

Masfjorden kommune er i ein ny fase kva folkehelsearbeid angår. Det har vore, og blir framleis gjort mykje godt folkehelsearbeid i kommunen, me har gode helse- og pleie- og omsorgstenester. Men som elles i samfunnet har folkehelseomgrepet vore lite konkretisert, me har ikkje vore medvitne i bruken av det, og folkehelsearbeidet har ikkje vore tilstrekkeleg forankra i kommunen. Nytt av året 2011 er at Masfjorden kommune har underskrive ein partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune, og oppretta ei 50 % stilling til ein folkehelsekoordinator. Formålet med partnerskap for folkehelse i Hordaland er å bidra til eit meir systematisk og heilskapleg folkehelsearbeid, eit arbeid som mellom anna omhandlar lokale prosessar, forankring og engasjement.

Sidan det ikkje er tilstrekkelege målbare data om folkehelsa i Masfjorden, må vi i denne omgong halde oss til undersøkingar som er gjort på nasjonalt nivå. All forskning viser at det har utvikla seg markante helseskilnadar i samfunnet, nasjonalt og internasjonalt. Dei friske vert friskare på alle felt medan dei sjuke vert sjukare, får fleire sjukdomar og vert storforbrukarar av helsetenestene.

Verdens helseorganisasjon oppgjev psykisk helse som eit av dei tre viktigaste globale innsatsområda for folkehelsa. Dette samsvarar med norske forhold kor vi ser betydelege sosiale skilnadar i psykisk helse.

Sosial ulikskap i helse er kanskje den største utfordringa i samfunnet. Skilnaden blir større og større. Dette store gapet viser seg å henge saman med utdanning, økonomi og sosial status, det går i arv og ser ut til å vara gjennom heile livsløpet. Prognosen i perioden fram til 2020 viser ein kraftig auke i desse ulikskapane. Dette vil vera ei av vår største utfordringar i åra som kjem, desse skilnadene må vi redusere.

Folkehelsearbeidet må ha som målsetting å påverke lokalsamfunnet og innbyggjarane i stor nok grad og over tilstrekkeleg lang tid slik at den negative trenden blir broten og ein kan oppnå reell og varig endring i helsa. Masfjorden må fokusera på mogelegheiter meir enn avgrensingar.

Ulike aspekt ved folkehelsa

For å kunne førebyggje sjukdom og utjamna helseskilnadar må vi tenkje helse i alt vi gjer. Som helseministeren sa då ho la fram den nye folkehelselova - folk si helse er blant samfunnet sine mest naudsynte ressursar!

Livsstilen vår gjev utfordringar i sjukdomsbiletet til befolkninga, og kvar einskild innbyggjar opplever dette i eigen kvardag, både personleg, gjennom nære relasjonar og i samfunnet generelt; fysisk, psykisk og sosialt.



Å bidra til endring i noko så etablert som folket si helse, krev langsiktig tenking. Det tar tid å etablera nye vanar, haldningar, tankemønster og sanningar. I denne perioden blir det derfor eit hovudmål å danna eit godt grunnlag, heva kunnskapsnivået til masfjordingen og arbeida for bevisstgjerung på alle nivå. Når dette ligg i botnen, aukar sjansane for å lukkast betydeleg. Dette skal ikkje vera ein "kur", men ei haldings- og livsstilsendring – ei endring som må skje i det enkelte mennesket..

Ressursar

Folkehelsearbeidet har lenge fokusert på risikofaktorar for sjukdom og behandling av dei som er sjuke. Sjølv om dette er sentralt, er det like viktig å få fram og fokusera på dei faktorene som fremjer helsa: Fridom, toleranse, humør, opplevd eigenverdi, balanse mellom arbeid og fritid, fysisk aktivitet, kosthald, naturopplevingar og nære relasjonar er alle sentrale tilnærmingar. Faktorane må sjåast på både i eit individ- og i eit samfunnsperspektiv.

Meistring

Meistring handlar om overskot til å klara krava i kvardagen og gje seg sjølv mogelegheit til å påverka eige liv og nytta det handlingsrommet kvar og ein har, sjølv om det kanskje er trøgt grunna sjukdom, dårleg økonomi eller sosial isolasjon.

Livskvalitet

To av tre menneske med kronisk sjukdom oppgjev å ha god livskvalitet. Den sjølvopplevde helsa samsvarar altså ikkje alltid med objektive sjukdomsdata. Eit positivt syn på livet, gode relasjonar og godt humør gjev overskot og bidrar til auka livskvalitet.

Tiltak og fokusområde

Helsetenesta er ein viktig aktør, men dei fleste tiltaka av betydning for korleis folkehelsa utviklar seg, skjer utanfor dagens helseteneste. Godt folkehelsearbeid må derfor vere eit ansvar og ei oppgåve som mange må ta del i, ikkje minst politikarar.

Fysisk aktivitet

Dette er ein av dei viktigaste faktorane som påverkar folkehelsa i samfunnet. Berre om lag 20 % av innbyggjarane er aktive i så stor grad som er anbefalt. Vår fysiske aktivitet i form av trening og mosjon på fritida ser ikkje ut til å kompensera for nedgangen i generell fysisk aktivitet i kvardagen.

Inaktivitet og helseproblem knytt til dette er ei utfordring som veks seg større for kvart år som går. Inaktivitet gjev negative konsekvensar både fysisk, psykisk og sosialt, og aukar i alle aldersgrupper. Om ein går frå å vere fysisk inaktiv til fysisk aktiv vil ein statistisk sett få ein betydeleg helsegevinst i form av redusert sjukdom, auka livskvalitet og auka levealder.





I tillegg til den lange lista over reint fysiske gevinstar, har regelmessig aktivitet svært positiv effekt både på den psykiske og sosiale helsa. Fysisk aktivitet står i ei særstilling og må ha høg prioritet, nettopp fordi det påverkar heile mennesket, og betrar både fysisk og psykisk helse.

Ei spesiell utfordring i Masfjorden er å leggja til rette for fysisk aktivitet i vinterhalvåret. Mange kan ikkje nytte eller er ikkje motivert til utandørsaktivitet.

Kosthald

På tilsvarende måte som ved fysisk aktivitet ser ein sosial ulikskap i høve kosthaldsvanar. Auke i sukkerforbruk, reduksjon i forbruk av frukt og grønt forsterkar reduksjon i folkehelse og risiko for helseproblem hjå den einskilde. Helserisikoen er særleg aukande når dei inaktive også har dårleg kosthald.

Psykisk helse

Svært mange av innbyggjarane vil i løpet av livet gjennomgå psykiske utfordringar på grensa av det ein klarar å handtere på eigen hand. Mange oppsøker helsetenesta for hjelp med vanskar som angst, stress/spenningsnivå i kroppen, søvnvanskar. Det er kjent at dette er symptom som kan lindrast ved fysisk aktivitet, sunt kosthald og reduksjon av alkoholinntak.

Masfjorden kommune har utarbeidd plan for psykisk helsearbeid.



Politikk

Folkehelse er eit politisk satsingsområde, og bør ha ein sentral plass i kommunal planlegging i Masfjorden. Det bør forankrast på alle nivå, og kommunen bør legge til rette for at innbyggjarane tar "dei riktige vala" ved at folkehelse- og levekårspektivet blir prioritert på alle plan.

Erfaringar frå andre kommunar viser at folkehelsearbeidet lukkast best der folkehelsearbeidet er godt forankra politisk og administrativt i overordna plansystem.

Frivillig sektor

Frivillig sektor er ein svært viktig medspelar i alt folkehelsearbeid. Med alle lag og foreiningar i spissen kan dei spela ei stor rolle og har mange mogelegheiter til å påverka livsstil og folkehelse. Lag og organisasjonar i Masfjorden gjev mange aktivitetstilbod, byggjer gode sosiale relasjonar og er aktive pådrivarar for utvikling av sunne og positive lokalsamfunn. Dei frivillige er ein stor ressurs i Masfjorden. Kommunen bør aktivt støtte opp om og samhandle med frivillig sektor. Det bør arbeidast for å utvikle haldningar til eldre som verdiskaparar, viktige kulturberarar og ein ressurs for samfunnet og nærmiljøet. Dette arbeidet bør skje både i og utanfor dei eldre sin arena.

Konkretisering av aktuelle folkehelseiltak vil bli nærmare omtalt i ein handlingsplan.

Delmål 1 :

Auka politisk og administrativt engasjement for folkehelse.

Tiltak:

- Politikarar og leiarar legitimerer satsinga på folkehelse. Det skal utarbeidast ein sektorovergripande handlingsplan for folkehelsearbeidet i Masfjorden.
- Alle kommunale einingar har kunnskap om og planar for kva deira bidrag for folkehelse skal vera.
- Helse- og pleie- og omsorgsplan

Delmål 2:

Bevisstgjerung av den einskilde sitt ansvar for eiga helse.

Tiltak:

- Auka innbyggjarane sin kunnskap om samheng mellom fysisk aktivitet, kosthald og helse.
- Setta i gang tiltak overfor dei gruppene som har størst behov for bistand i ein situasjon med fokus på livsstilendring.
- Samarbeida med frivillig sektor om aktivitetar, møteplassar og haldningsskapande arbeid.



Delmål 3 :

Auke den fysiske aktiviteten

Tiltak:

- Følgja opp tiltaka i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet.

Med den nye folkehelsesatsinga ynskjer vi å samle alle aktørar for å bidra til følgjande hovudmål :

Gode og aktive dagar - for alle i Masfjorden!



Kap. 7 : Kvalitet og kompetanse

Hovudmål

Masfjorden kommune skal vere eit kunnskapssøkjande og innovativt lokalsamfunn. Me skal på ein framtidsretta og inkluderande måte søkje livslang læring og meistring for alle innbyggjarar. I Masfjorden skal:

- borna få utvikle sine individuelle talent og meistringsevne
- innbyggjarar med redusert funksjonsevne få utvikle si evne til sjølvhjelp og dermed livskvalitet
- den yrkesaktive delen av innbyggjarane få best mogleg tilgang til næringsretta og oppdatert kompetanse
- kommunale medarbeidarar ha oppdatert, tilstrekkeleg og heilskapleg kompetanse som grunnlag for tenester av beste kvalitet.

Masfjorden skal fokusere meir på moglegheitene og mindre på avgrensingane og leggja til rette for å ta i bruk digitale og desentraliserte utdanningstilbod.

Definisjon og verdi av kompetanse

Kompetanse er eit samansatt omgrep. Ein definisjon kan vera:

- Kompetanse er de samlede kunnskaper, ferdigheter, evner og holdninger som gjør det mulig å utføre aktuelle funksjoner og oppgaver i tråd med definerte krav og mål” (Linda Lai, 2004).
- Kompetanse er eit relativt omgrep, der kompetansen til å fylle funksjonar og oppgaver står i samheng med dei krava som vert stilt til kvalitet og løysingsvalg for funksjonar og oppgaver.
- Kompetanse har stor verdi for samfunnet, arbeidsplassane og for den einskilde. På samfunnsnivå er kompetanse ein nøkkelfaktor for høg sysselsetting og eit velfungerande arbeidsliv. På bedriftsnivå slår kompetanse direkte ut for tilbodet og kvaliteten på varer og tenester. For den enkelte betyr kompetanse meistring, verdsetting og realisering av ferdigheiter og evner, og ofte gjev kompetanse direkte utslag i løn og opplevd livskvalitet.



I høve til Masfjorden kommune sitt hovudmål om auka folketal/tilflytting til kommunen, vil kompetanse slå inn på fleire måtar. Gode kommunale tenester som pleie og omsorg, oppvekst og kultur, gjer kommunen attraktiv for busetting. Kapasitet og kvalitet i tenester er avhengig av god forvaltning av noverande arbeidskraft og tilgang på ny fagkompetanse. Den kommunale verksemda er den største arbeidsplassen i kommunen. Det er mange meiningsfylte oppgåver å løysa, som krev utdanning på alle nivå. Barn, unge og omgjevnadane må læra kommunen å kjenna som ein attraktiv arbeidsplass, og sjå kommunen som ein potensiell arbeidsgjevar i framtida. Som arbeidsgjevar skal kommunen leggja forholda til rette for å vere ein utviklingsorientert organisasjon balansert i høve til krava om kostnadseffektiv drift. Kompetanseheving er viktig for å styrkja likestilling, trivsel og personleg utvikling for dei tilsette. Dette medverkar til god tenestekvalitet.

Behovet for utdanna arbeidskraft er ei felles utfordring for næringslivet og alle kommunane i Nordhordlandsregionen. Me vil medverka til ein felles strategi for rekruttering og busetting, og samarbeida om kompetanseutvikling med private og offentlege aktørar i vår kommune og i kommunane rundt oss. Me skal gjera kvarandre gode på alle nivå.

Status

Masfjorden kommune er den kommunen i Nordhordland med flest av innbyggjarar med utdanning på grunnskulenivå (28%) og vidaregåande skule (41%). Konsekvensen av dette er at me også har færre innbyggjarar med høgskuleutdanning enn dei andre kommunane i Nordhordland. Men det er interessant at kommunen har fleire med lengre høgskule- og universitetsutdanning (over 4 år) enn dei andre kommunane i Nordhordland, og er mellom dei ti kommunane i Hordaland med høgaste rate på lengre høgare utdanning. I gruppa med høgskuleutdanning 1-4 år er Masfjorden ein kommune med fjerde lågast prosentdel.

Masfjorden kommune har få kompetansearbeidsplassar. Kommunen arbeider aktivt med å betra tilgangen til kompetanseutvikling og høgskuleutdanning. Folkebiblioteket er ein aktiv støttespelar for studentar som er busette i vår kommune. Saman med Masfjorden næringsforum, er det etablert to undervisningsrom med gruppesett av datamaskiner. Desse ligg på Hosteland og på Masfjordnes.

Kommunen som arbeidsgjevar gjennomførte ei kompetansekartlegging blant alle tilsette i 2009. 25% av dei kvinnelege tilsette har ikkje utdanning utover grunnskulen. Det er gjennom fleire år satsa på vidareutdanning både av yrkesfag (fagbrev) og høgskulefag (både enkeltfag og heile studium). Kartlegginga viser at kring halvparten av alle tilsette har teke noko vidareutdanning etter dei starta i kommunen. Masfjorden kommune har starta planprosess fram mot ein overordna kompetanseplan for kommunen.



Strategi og fokusområde

- Kompetanse som eit aktiv verkemiddel for å fremje kvalitet, likestilling, livskvalitet og sysselsetting i kommunen
- Innbyggjarar med kompetanse i samsvar med kommunen og næringslivet sitt behov og aktuelle utfordringar
- Kvalitet i barnehage- og grunnskuletilbodet som gjev eit best mogleg grunnlag for vidare læring og utdanning
- Ei kommunal verksemd med robuste fagmiljø som fungerer og framstår som attraktiv arbeidsplass og lærande organisasjon, og går føre når det gjeld kompetanseutvikling
- Arbeide med kultur og haldningar i høve til å skaffe seg formell kompetanse (både yrkesfagleg og høgskuleutdanning)
- Bevisstgjering av den einsskilde sitt ansvar for eiga læring og utvikling



Delmål:

Kommuneadministrasjonen, oppvekstsektoren og biblioteket spelar ei aktiv rolle i kompetanseutvikling og kunnskapsformidling i kommunen

Tiltak:

- Utarbeiding av overordna kompetanseplan for Masfjorden. Arbeidet med denne planen er starta, og gjennom planprosessen vil vi planleggja, målretta og kostnadsvurdera kompetanseutviklinga i høve til eit analysert, framtidig behov. Aktuelle kompetansetiltak vil bli nærare konkretisert og omtalt i denne planen.
- Kommuneorganisasjonen skal ha kjennskap til arbeidsmarknadsbehovet til ei kvar tid, og samhandla med næringsliv, andre kommunar, NAV, utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø
- Samarbeid med lokalt arbeidsliv for å finne arbeid til tilflyttarar og deira partnarar
- Kommunen skal sjølv ta mot lærlingar og arbeida aktivt for læreplassar i det lokale næringslivet.



Kap. 8 : Kommunale tenester

Oppvekst og læring

Hovudmål:

Barnehage- og skuletilbodet i Masfjorden skal sikra alle born ein god oppvekst med omsorg og utfordringar til utvikling og læring. Det gode skule- og barnehagetilbodet skal vera ein vesentleg kvalitet i vårt lokalsamfunn og gjera det attraktivt for barnefamiliar å slå seg ned her. Til våre barnehagar og skular vil me satsa på kvalitet ved å rekruttera og halda på kompetent arbeidskraft.

Status:

Barnehage

Masfjorden kommune har eit godt barnehagetilbod med 3 kommunale barnehagar. Me har full barnehagedekning, og kan ta inn nye barn gjennom heile barnehageåret.. Det er ledige plassar i alle barnehagane. Dei aller fleste borna nyttar 5-dagarstilbodet, berre 3 born (av 89) går i barnehagen færre enn 5 dagar i veka pr.mai 2012
Kommunen har satsa mykje på å gje eit godt og likeverdig barnehagetilbod i alle dei tre skulekrinsane våre. Barnehagen er ein stad for vekst og utvikling for borna, og ein viktig del av utdanningssystemet. Vi arbeider for eit godt pedagogisk og sosialt tilbod til borna, godt samarbeid med heimane, god oppfølging av born med særskilte behov og tydelege vaksne. Barnehagen skal vera med på å gje borna ein god barndom, ein god start på utdanningsløpet og ein smidig overgang til grunnskulen.

Nært samarbeid med foreldre/føresette om innretting av tilbodet og satsing på kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane har vore viktige tiltak dei siste åra. Masfjorden kommune har gjennomført ei kompetansekartlegging som viser at vi har god tilgang på førskulelærarar, men og mange assistentar utan fagbrev i barnehagen.

Barnehagane er bygde i perioden 1988-1992. Det vil vera aukande behov for vedlikehald og utbetringar i åra framover. Det same gjeld uteområda. Både Indre Masfjorden og Nordbygda barnehagar kan få bruk for utvida areal ved auka barnetal. Sandnes barnehage har god arealkapasitet.

Masfjorden kommune vedtok barnehageplan i 2010.



Skule

Masfjorden kommune har sidan slutten av 70-talet hatt tre 1-10 skular. Elevtalet har variert mykje, alle skulane har hatt sine svingingar i elevtal. Dei næraste åra vil det verta nedgang på Nordbygda og Sandnes medan Matre er stabilt. Det totale elevtalet er inneverande skuleår 209. Tendensen har vore nedgåande. Av omsyn til reisetid og likeverdige tilbod i alle deler av kommune bør ein halda på dagens skulemønster. Eit alternativ kan vera ein 1-10 skule, 1 samla barneskule og ein samla ungdomsskule.

Skulane arbeider godt med kvalitetsutvikling. Arbeidet med kompetanseheving for lærarane følgjer kompetanseutviklingsplanen som kommunestyret har vedteke. Dei fyrste tre lærarane er i ferd med å avslutta vidareutdanning med statleg støtte. Nye står for tur. Personalet på alle skulane deltek i etterutdanning på dei statleg prioriterte områda. Hovudfokus skal vera læringsmiljø og læringsresultat. Kommunestyret får notat om resultat av nasjonale prøvar og årleg tilstandsrapport. Læringsresultat for avgangselevane er svært godt, og vi ligg høgt på nasjonale statistikkar over grunnskulepoeng.

Skulemiljøet skal bidra positivt til helse, trivsel og læring for elevane. Skulane våre formidlar viktige verdi- og kulturtradisjonar og er viktige kulturberarar i lokalsamfunnet. Me ønskjer at skulen skal vera eit fagleg og sosialt høgdepunkt i alle elevane sine liv.

Skulane er ein del av den nye digitale kvardagen. Investering i materiell og heving av kompetansen for personalet er nødvendig for å halda tritt med utviklinga.

Gjennom dei 5-6 siste åra har det vore investert ein god del i vedlikehald og opprustning av skulebygg. Det har ført til betre inneklima og mindre energibruk i tillegg til at ein har fått meir tenlege bygg. Arbeidet med opprustning av skulebygga må halda fram.

Masfjorden kommune har kulturskule og idrettsskule som samarbeider tett med grunnskulen om eit godt oppvekstilbod. Vi har også eit aktivt tverretatleg samarbeid med skulehelsetenesta, mellom anna knytt til felles MOT-prosjekt for alle skulane i kommunen.

Delmål 1

Barnehagetilbod av god kvalitet i alle tre oppvekstområda

Tiltak

- ha fagarbeidarar og førskulelærarar i barnehagane
- satsa på rekruttering og etterutdanning for å ha godt kvalifisert personale i barnehagane
- syta for at barnehagelokala held god standard og har tilstrekkeleg areal
- halda fram med å ta opp born gjennom heile året



Delmål 2

Gje born og unge utdanning for framtida med gode læremidlar i eit utviklande læringsmiljø

Tiltak:

- Skular og barnehagar skal ha gode samarbeidsrutinar
- Satsa på tidleg tiltak og tverrfagleg samarbeid
- Legga vekt på læring og tilpassa opplæring for alle
- Syta for at skulelokala held god standard
- Satsa særleg på fagleg fordjuping for lærarar på ungdomssteget
- Samarbeida regionalt om kompetanseheving for personale i skule og barnehage

Delmål 3

Skulen skal vera eit fagleg og sosialt høgdepunkt i alle elevane sine liv.

Vi vil:

- ha inkluderande skular med kultur for læring – med rom for alle og blick for kvar einskild
- ha forpliktande tettare fagleg og sosialt samarbeid mellom skulane
- at skulegangen skal vera med på å gje elevane eit positivt inntrykk av Masfjorden, slik at dei får lyst til å komma attende etter fullført utdanning
- satsa på kulturskulen og idrettsskulen som viktige faktorar i barna sin oppvekst
- ha fokus på fysisk aktivitet og helse
- delta i MOT-prosjektet



Barneverntenesta

Hovudmål :

- Sikra at barn og unge som lever under forhold som kan skada deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.
- Avdekka omsorgsvikt-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem vert hindra.
- Samarbeida med andre sektorar og forvaltningsorgan når dette kan bidra til å løysa oppgåver som tenesta er pålagt etter lova.

Kommunen er pålagt å ha ei barnevernsteneste som utfører det daglege arbeidet etter barnevernlova. Barnevernet skal mellom anna gje råd og rettleiing, gjera undersøkingar, treffa vedtak etter lova eller førebu saker for behandling i fylkesnemnda og setja i verk og følgja opp tiltak.

Eit godt barnevern er avhengig av gode tenester til barn og unge generelt i kommunen. God helseteneste, gode barnehagar, skular, ppt, fritidstilbod og bevisste foreldre. Eit godt barnevern er og avhengig av stabilitet og god kompetanse hos dei tilsette i tenesta.

Status:

Masfjorden kommune har sidan september 2009 hatt ei stabil barnevernteneste. Dei tilsette har både formell kompetanse, vidareutdanning og erfaring innan fagfeltet. Statistisk sett har me ei bemanning over gjennomsnittet med leiar i 100% stilling og barnevernkonulent i 80 % stilling.

Barneverntenesta har ei bemanning som sikrar at lovpålagte tidsfristar for gjennomgang av meldingar og gjennomføring av undersøkingar vert haldne. På landsbasis vert det sagt at foreldre, barnehagar, skular, helsestasjonar og andre har ei for avventande holdning til barn som strevar og at det vert venta for lenge før ein søker bistand. Dette er og ei utfordring for Masfjorden. Dersom barneverntenesta skal klara å koma så tidleg som mogeleg inn med tiltak for risikoutsette barn, er me avhengig av samarbeid med og melding frå skular, barnehagar og andre som er i dagleg kontakt med barn og unge i kommunen vår. Barneverntenesta i Masfjorden arbeider for å bli ein meir open og synleg samarbeidspartnar og gjera andre tenester trygge på å sjå, fanga opp og melde frå, dersom barn og unge har det vanskeleg.

I våre risikovurderingar ser vi nokre område som er utfordrande for oss. Med to personar i tenesta, er me sårbare for endringar, permisjonar, sjukdom eller turnover. Med få tilsette er me og sårbare for å stagnera kompetansemessig fordi me ikkje kan etablere eit større dagleg kompetansefelleskap. På grunn av størrelse og geografi har me og ei utfordring når det gjeld å tilby varierte heimebaserte tenester som hjelpetiltak.



Med utgangspunkt i risikofaktorane som er skissert over, vil Masfjorden kommune òleine ikkje klara å byggje opp eit barnevern som er stabilt og robust nok på sikt. For å sikre ei god og stabil teneste og i framtida, er me avhengig av å samarbeida med andre kommunar i Nordhordland og Gulen.

Delmål 1

Komme tidleg inn med tiltak for risikoutsette barn og tilby målretta og varierte heimebaserte tiltak

Tiltak:

- Styrking av fagmiljøet ved samlokalisering med andre tenester i kommunen som arbeider med vår målgruppe.
- Gjennomføra felles kompetansehevingsprosjekt med barnehagane og skulane
- Arbeida tverrfagleg og etablera faste samarbeidsfora med skule, barnehage, helsestasjon, PPT og BUP
- Samarbeida interkommunalt og med BUFETAT i forhold til kompetansehevingstiltak
- Samarbeida interkommunalt og med Bufetat om utvikling av heimebaserte tiltak

Delmål 2

Ei robust barnevernteneste med stabil arbeidskraft.

Tiltak:

- Utnytta kompetansen vår optimalt og utvikla denne vidare.
- Målretta rettleiing til dei tilsette
- Målretta implementering av gjennomførte kompetansehevingstiltak
- Delta i prosessar der ein ser på formelt interkommunalt samarbeid om barnevernet i Nordhordland og Gulen.



Kultur

Hovudmål

Kulturlivet i Masfjorden har høg kvalitet, mangfald og breidde og gjev tilbod til alle. Vi er medvitne om verdiane som er knytt til kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø og har fokus på kultur som ressurs i utviklinga av levande og attraktive bygdesamfunn

Status:

Ny 4-årsplan for idrett og fysisk aktivitet er vedteken i 2011. Den gjeldande planen er godt innarbeid og er eit funksjonelt styringsverktøy på denne sektoren. Ein tilsvarende plan for kulturlivet elles har me ikkje, bortsett frå kulturvern.

Kulturskolen er ein bærebjelke i det kommunale kulturarbeidet. Gjennom kulturskolen får kvart år mellom 130 og 150 elevar opplæring fyrst og fremst i musikk på ulike instrument, men òg innan teikning/maling og meir sporadisk, drama, dans. Idrettsskolen gjev tilbod til elevane frå 1.- 7. klasse og har ei oppslutning på mellom 60 og 90 % av årskullet.

Både kulturskule og idrettsskule har desentralisert opplæring knytt til dei tre skulekrinsane.

Over 20 lag er aktive innan barne- og ungdomsarbeid av ulikt slag, frå søndagsskule via skulekorps til skyttar- og idrettslag og mest like mange driv kulturarbeid blant vaksne. Rekruttering av leiarar og andre eldsjeler i dette arbeidet er ei utfordring.

Innan kulturområdet har me òg museum og bibliotek som kvar på sin måte formidlar kulturarven. Eit par av musea har i aukande grad vorte brukte i formidlingssamanheng, både i form av konsertar og utstillingar. Det er sett av eit kulturfond på kr 1000000 der avkastninga skal brukast til tiltak som kan utvikla kulturlivet vårt vidare.



Mål og tiltak

Delmål 1

Kulturlivet i Masfjorden har høg kvalitet, mangfald og breidde og gjev tilbod til alle.

Tiltak

- Oppmuntra til at lag/personar satsar på å få profesjonelle aktørar hit og gje underskotsgaranti til lag/personar som vil satsa på å få profesjonelle aktørar til å ha framsyningar her
- Samarbeida med nabokommunane om kulturtiltak
- Gje god tilgang på profesjonelle kulturtilbod og opplevingar for eldre gjennom "Den kulturelle spaserstokken"
- Gje god tilgang på profesjonelle kulturtilbod og opplevingar for born og unge gjennom den kulturelle skulesekken
- Syta for at det vert sett av midlar til at unge og eldre kan gjera seg nytte av profesjonelle kulturtilbod og opplevingar

Delmål 2

Frivillige lag og organisasjonar er ryggrada i kulturlivet vårt.

Tiltak:

- Gje kulturmidlar til frivillige lag slik at dei kan oppretthalda og vidareutvikla drifta
- Leggja til rette for å rekruttera kompetanse innan barne,- ungdoms- og kulturarbeid, og støtta eldsjeler i dette arbeidet praktisk og økonomisk.
- Søkja verkemiddel for å betra arbeidsvilkår for kulturarbeidarar.
- Utvikla og auka talet på samarbeidsavtalar mellom kommunen og frivillige lag om utviklings-og driftsoppgåver (td drift av symjebasseng, idrettsbane, skitrekk, turstiar, friluftsområde m v)
- Samarbeida med frivillige om å oppretthalda og utvikla møteplassar i lokalsamfunna våre.



Delmål 3

Gode og tidsriktige offentlige kulturtenester gjennom kulturskule, idrettsskule, museum og bibliotek

Tiltak:

- Utvikla eksisterande tilbod i kulturskulen og idrettsskulen, og imøtekoma ny etterspørsel.
-
- Utarbeida kulturskuleplan
-
- Utarbeida bibliotekplan.
- Etablера samarbeid mellom bibliotek og vaksenopplæring
- Byggja vidare på dei større kultursatsingane som er etablert, td. Kraftspela, Bjørn Westmarsjen og Sommarscena
- Ha fokus på partnarsskap om utvikling av kulturbasert næring



NAV – sosial

Hovudmål:

Ei heilskapeleg teneste med brukaren i sentrum. Tenesta har låg terskel og medverkar til økonomisk og sosial tryggleik for vanskelegstilte. Ventetid og sakshandsamingstid etter type sak og hastegrad er i tråd med gjeldande retningslinjer.

Status:

Kommunal sosialteneste vart flytta til nyetablert NAV-kontor 2008
Kontoret er etablert på Hosteland i ombygde lokale der Masfjorden trygdekontor tidlegare heldt til. Totalt er det 3.5 stillingar der om lag 1.3 dekkjer kommunale tenester.

Kommunen sitt ansvar er å sikra innbyggjarane sine rettar etter sosialtenestelova. Dette gjeld bl.a å organisera og finansiera avlastning og støttekontaktar, økonomisk bistand for kortare eller lengre periodar og å sikra bustad til vanskelegstilte. NAV har også eit særskilt ansvar for rusfeltet. For å løysa dette, er tenesta avhengig av eit tett samarbeid med helsetenestene lokalt og spesialisthelsetenesta.

Statistisk har kommunen svært få brukarar med langvarig behov for økonomisk og/ eller praktisk bistand. Kommunen har og låg arbeidsløyse. Samla sett skårar kommunen godt på levekår.

Tiltak:

- Styrkja det førebyggjande arbeidet i samarbeid med andre kommunale tenester .
- Samarbeida med andre faginstansar og andre NAV-kontor for å sikra ei robust teneste.



Pleie og omsorgstenestene

Hovudmål

Masfjorden kommune yter pleie og omsorgstenester til alle aldersgrupper og sikrar at alle innbyggjarar får dekkja sine grunnleggjande behov. Tenestene blir ytt med respekt for den einkilde sin sjølvråderett, eigenverd og livsførsel. Tilboda er i tråd med individuelle rettar nedfelte i kommunehelsetenestelova, sosialtenestelova og samhandlingsreforma.

Status

Masfjorden kommune har ein ny sjukeheim (opna i 2001) med 32 plassar. Kommunen yter tenester til heimebuande med praktisk bistand og sjukepleie, matombringning, tryggleiksalarm og dagsenter. Kommunen har 23 omsorgsbustader og 2 avlastningsbustader og tilbyr tenester i tilrettelagt bustad med opphald og kortare avlastning og korttids-/rehabiteringsopphald på sjukeheimen.

Pleie og omsorgstenestene vert ytt etter behov og skal sikra den einkilde og pårørande stor grad av tryggleik. Når behov oppstår på kort varsel har vi kort sakshandsamingstid og lita tid frå vedtak til iverksetjing.

Pleie og omsorgstenesta er organisert i 5 avdelingar. Dette for å sikra nærheit til brukargruppene og at gruppa tilsette for den enkelte brukar er avgrensa. Den eine avdelinga på sjukeheimen er ei demensavdeling.

Pleie- og omsorgstenestene i Masfjorden har arbeidd over lang tid med brukarfokus, etikk i tenesta, utvikling av kvalitet og kompetanse. Me har gjennomført utviklingsprosjekt som har auka kvaliteten, betra arbeidsmiljøet og gitt tenesta eit godt omdømme. Me har kvalifiserte søkjarar til utlyste stillingar.

Utfordringar

Tal eldre vil i kommuneperioden vera om lag uendra i vår kommune. Prognosane tilseier at helsetilstanden vil utvikla seg slik at vi får fleire friske eldre, men og fleire eldre med multidiagnosar og samansette behov. Helsereforma inneber forventningar om at kommunane skal ha auka ansvar for å yte helsetenester til desse gruppene. Kommunen skal redusere behov for sjukehusinnlegging /behov for helsetenester og ta auka ansvar for opptrening og omsorg etter sjukehusinnlegging. Kommunen skal og leggja større vekt på førebyggjande helsearbeid.

Lågt pasienttal i nokre krevjande brukargrupper er ei stor utfordring for kommunen. Dette krev fleksibilitet hjå leiarar og tilsette, det krev auka samarbeid internt mellom ulike fagpersonar og det krev stor grad av samarbeid med fagmiljø utanfor kommunen.

Den gruppa som aukar mest, er brukarar av pleie- og omsorgstenestene under 67 år, inkludert barn og unge. Denne utviklinga krev kompetansutvikling, fleksibilitet, tverrfagleg samarbeid og omstilling. Vi har hatt særleg innsats for demensgruppa.



Delmål 1

Masfjorden kommune har tett kontakt med befolkninga, god oversikt over helsetilstand og behov og planar for korleis kommunen kan yta tenester som gir optimal kvalitet innafor tildelte rammer.

Tiltak:

- Avklara forventningar ved god informasjon om tenestene, rettar og pliktar
- Setja innbyggjarane i stand til å ivareta eiga helse.
- Bidra til å oppretthalde verdigheit ved å yte bistand til habilitering og rehabilitering.
- Gjennomføra helse- og omsorgsplan for Masfjorden
- Delta i regional helse- og omsorgsplanlegging

Delmål 2

Gje flest mogleg gode tenester i eigen kommune ved å auke kompetansen og intensivera samarbeidet mellom pleie- og omsorgstenestene og helsetenesta.

Tiltak

- Vidareutvikla det førebyggjande arbeidet for målgruppene bla ved folkehelsesatsing og ved å følgje utvikling i helsestatus (bruk av helseprofilar, statistikk for bruk av spesialisthelsetenesta mv).
- Utarbeida langsiktige planar for behovsanalyse og rekruttering for å sikra kompetanse i tenestene.
- Utvikla spisskompetanse på område der vi har brukarbehov og nøkkelkompetanse.
- Utarbeida plan for rekruttering og kompetanseutvikling for tenesta.



Helsetenestene

Hovudmål

God fysisk og psykisk helse for alle innbyggjarar i kommunen.

Status:

Helsetenestene i kommunen er lokalisert med base på helsetunet på Hosteland. Helseavdelinga omfattar legetenester, fysioterapi, hjelpemiddel, psykiatri, helsestasjon, jordmor. Helsetenesta arbeider kurativt med behandling av pasientar i stor breidde og legetenesta er den kommunale tenesta som årleg treffer flest av kommunen sine innbyggjarar. Vi har hatt stabil og god dekning av helsefagleg personale.

Helsetenestene samarbeider tett med alle delar av dei kommunale tenestene og har hovudansvar som "portvakt" for vidare henvisning til spesialisthelsetenesta og private spesialistar.

Helsetenestene behandlar einskildpersonar for sjukdom og skade. I tillegg arbeider helsetenestene førebyggjande; frå svangerskaps- og fødselskontrollar, helsesystemteneste, barnekontrollar til samarbeid om aktivisering av sjukeheimsbebuarar.

Det er utarbeidd plan for psykisk helsearbeid i Masfjorden. Denne blir aktivt nytta i arbeidet for målgruppa med psykiske lidingar og i satsinga på førebygging, livskvalitet og meistring for alle. Hovudmålet i planen lyder slik:

"Masfjorden kommune sitt hovudmål for det psykiske helsearbeidet er å byggja eit godt og inkluderande lokalsamfunn der innbyggjarane brukar tid saman, tar vare på kvarandre og legg grunnlag for livskvalitet og god psykisk helse for alle. Særleg ynskjer ein å gje dei unge oppvekstvilkår som utviklar trygge og livsglade menneske som tør å stå fram med sine meiningar, kan vera seg sjølv og gjera gode val i tråd med sine verdiar"

For å nå dette målet arbeider fokuserer vi på :

- Førebygging
- Meistring
- Tilgjenge
- Samhandling
- Brukarmedverknad



- Fagleg innhald i tenesta
- Kunnskap og tillit
- God ressursutnytting

Dette er fokusområde som høver godt også for å intensivera kommunen sitt førebyggjande helsearbeid for alle innbyggjarar. Helsereforma legg opp til førebygging framfor reparasjon av helseskader. Vi står framfor utvikling av kommunale helsetenester. Det vert krav om betre kvalitet på det førebyggjande helsearbeidet, både primær og sekundærførebygging. Det er fokus på legerolla som tilviser pasientar til sjukehus/spesialisthelseteneste. Det er venta at kommunane skal auke innsatsen i pasientbehandlinga. Målet er å redusere behov for sjukehusopphald og bruk av spesialisthelsetenesta og å redusere liggetida på sjukehus. Dette krev høg kvalitet på helse-, pleie- og omsorgstenestene. Vi må ha auka fokus på grupper med sjukdomsrisiko og om mogleg stans eller avgrensning av sjukdomsutvikling.

Helsetunet er i utgangspunktet bygd for færre tilsette enn det no er plassert der, og det er ikkje rom for vidare arealmessig utnytting. Dette kan gje kommunen arealmessige utfordringar som må løysast når samhandlingsreforma skal implementerast.

Delmål 1 Tilgjengelege helsetenester av god kvalitet med kort ventetid.

Tiltak:

- Tilby lokal legevakt på dagtid og interkommunal legevakt på kveld, natt og helg.
- Sikra robuste fagmiljø ved tverrfagleg samarbeid, samlokalisering og tettare samarbeid med spesialisthelsetenesta og nabokommunar.

Delmål 2.

Innbyggjarane skal ha fokus på å sikra eiga helse

Tiltak:

- Helsetenestene skal gje innbyggjarane informasjon, råd og rettleiing slik at dei sjølv kan gjera gode val for eiga helse.
- Helsetenestene skal ha kapasitet og kompetanse til å samarbeida med og rettleia andre tenester, barnehage, skule, sosial og pleie og omsorgstenester slik at det blir etablert eit tverrfagleg haldningsskapande og førebyggjande helsearbeid.
- Helsearbeidet i kommunen skal auke innsatsen for førebygging generelt og for utsette grupper spesielt med særleg vekt på verdien av fysisk aktivitet og sunt kosthald, og faren ved tobakk og rus.



Delmål 3

Utvikla kvalitet og kvantitet på kommunale tenester i høve forventningar frå helsereforma

Tiltak

- Kartlegging og overvaking av helsetilstand og behov innbyggjarane har
- Bruka folkehelsekoordinator for styrking av det førebyggjande helsearbeidet.
- Vurdera styrking og/eller endring av arbeid med psykisk helse, fysio-/ergoterapifeltet.
- Vurdera kva tenester kommunen sjølv skal utføre og kvar me ynskjer interkommunalt samarbeid.
- Utarbeida helse- og omsorgsplan for Masfjorden
- Utarbeida plan for kompetanseutvikling for tilsette i helsetenestene.



Tekniske tenester


Hovudmål

Tekniske tenester i Masfjorden skal medverka til eit velfungerande, trygt og effektivt lokalsamfunn for innbyggjarar og næringsliv.

Status

Tekniske tenester i Masfjorden kommune omfattar fagområda teknisk (VVA), miljø, landbruk, plan og byggesak. Fagområdet har viktige oppgåver for drift og utvikling i kommunen. Kommunen har hatt vakante stillingar og stor turnover på leiarstillingane på fagområda den siste perioden. Dette har ført til at viktig planarbeid har blitt utsett. Revisjon av planar, mellom anna for trafikksikring, vassforsyning, kommunal eigedomsforvaltning og landbruksplan vil vera prioriterte tiltak for kommunen i planperioden.

At kommunen kan arbeida effektivt med plan-og byggesaker er viktig for å stimulera til utvikling og utbygging i lokalsamfunnet. Dette er prioritert, og dei fleste saker vert handsama raskt. Kostra viser at gjennomsnittleg handsamingstid på byggesaker er 15 dagar.



Kommunal eigeedom

Hovudmål

Masfjorden kommune skal ha ein tenleg bygningsmasse i god stand.

Status

Masfjorden kommune har ein stor bygningsmasse, både kommunale anlegg og kommunale bustader. Kommunen har hatt stort etterslep på vedlikehald, men har dei seinare åra satsa mykje på utbetring og opprusting i tråd med nye krav til utforming og miljø. Særleg er det skulane som har vorte utbeta.

Det er etablert ei ordning med faste vedlikehaldsrundar /fysiske vernerundar, der representant for teknisk og leiarane for dei kommunale einingane er med.

Behovet for å følgja opp bygningsmassen med god dokumentasjon, effektivt vedlikehald og god service til brukarane er stort. Masfjorden kommune har starta eit arbeid med å registrera alle kommunale bygg i IK-Bbygg. Når dette arbeidet er gjort, vil ein ha oversyn og dokumentasjon som skal vera grunnlag for å etablere betre rutinar for oppfølging og utvikling av eigedomane til kommunen.

Masfjorden kommune må rusta opp bygningsmassen i tråd med nye lovkrav innan universelt tilgjenge, branntrygging og energiøkonomisering. Deler av dette arbeidet kan kommunen sine tilsette utføra, men det er også naudsynt med spesialkompetanse.

Noko av bygningsmassen er ikkje lenger i bruk. Andre er svært dyre å rusta opp slik at dei fyller behova kommunen har i dag. Desse vil ein vurdera å selja.

Dei samla utfordringane med drift og vedlikehald av bygningsmassen har auka. Skjerpa krav til bygningskvalitet og dokumentasjon ved offentlege innkjøp krev at kommunen har god kompetanse både i utførande og administrative ledd. Kommunen må heile tida vera klar over at dei fysiske rammene som bygga våre set, påverkar tenesteproduksjonen og arbeidsmiljøet i positiv eller negativ lei. Utvikling og utnytting av den kommunale bygningsmassen krev derfor eit nært og godt samarbeid mellom teknisk og leiarane/ brukarane på driftseiningane.



Delmål 1

Masfjorden kommune skal ha god dokumentasjon på tilstand og utbetningsbehov i alle kommunale bygg

Tiltak:

- Etablere digital database i IK-Bygg for bygningsmassen
- Ha årleg vedlikehaldsrunde på alle kommunale einingar der representant for teknisk og leiar for den kommunale eininga kartlegg behov som grunnlag for prioritering, planlegging og budsjettering.

Delmål 2

Masfjorden kommune skal ha ein bygningsmasse som er tilpassa tenestene som kommunen gjev

Tiltak

- Bygningsmassen skal vedlikehaldast og utviklast i tråd med behova som reformer og endra driftsformer i tenesteeiningane skaper. Desse blir dokumentert og drøfta på årlege vedlikehaldsrundar.

Delmål 3

Masfjorden kommune skal ha ulike typar utleigebustader som dekkjer behovet for bustader til innbyggjarar med særskilte behov og gjennomgangsbustader for egne tilsette.

Tiltak:

- Aktiv forvaltning av dei kommunale bustadene.



Kommunal veg

Hovudmål

Det kommunale vegnettet skal gje sikker framkomst og god tryggleik for alle trafikantar.

Status

Masfjorden kommune har til saman ca 70 km kommunal veg. Det er ikkje fast vegdekke på alle vegane, og dei er også av varierende kvalitet. Vi ser også at det er kommunale vegstrekningar som har eit svakt fundament, og dei tunge køyretya gjer skade. Kommunen har også mange kommunale bruer. Det er føreteke inspeksjon på desse og utarbeidd tilstandsrapport, og kommunen er i god gjenge med utbetring i tråd med tilrådingane i denne rapporten.

Arbeidet med trafikktryggleiken i kommunen omfattar og riks- og fylkesvegar. E39 går gjennom indre delen av Masfjorden. All trafikken og vegkryssa/avkøyrslene frå E39 er ei utfordring, særleg for dei mjuke trafikantane på Matre og Haugsvær. Også andre stader i kommunen har vi behov for trafikkisikring. Trafikkisikringsplanen for Masfjorden kommune er gått ut, og det er stort behov for revisjon og vidare planlegging av trafikkisikringstiltak. RV 570 mellom Andås og Masfjordnes har fleire ulykkespunkt, og kommunen arbeider aktivt for å få utbeta desse.

Masfjorden kommune har mykje pendling og gode vegar som gjer dette mogleg er avgjerande for folketal og næringsliv. Det er særleg stort behov for utbetring av RV 570 Andås-Masfjordnes. Kommunen ser likevel på ei ferjefri fjordkryssing som den absolutt viktigaste samferdslesaka og arbeider for bru over fjorden.

Delmål 1

Trafikktryggleik for alle trafikantar.

Tiltak:

Utgreia trase for gang-og sykkelsti mellom Matre og Haugsvær

Tiltak:

- Utarbeiding av Trafikkisikringsplan for Masfjorden kommune.
- Oppfølging av rapport om vedlikehaldsbehov på dei kommunale bruene i Masfjorden

Delmål 2

Fast vegdekke på alle kommunale vegar

Tiltak

- Utarbeida langsiktig plan for oljegrusing



Vatn og avløp

Hovudmål

Trygg og sikker vassforsyning frå alle kommunale vassverk

Status

Masfjorden kommune forsyner omlag 35% av innbyggjarane med vatn frå tilsaman 6 kommunale vassverk. I løpet av 2011, leverer alle vassverka grunnvatn med høg kvalitet. Kommunen har sikra vassforsyninga for bortfall av straum, og investert i aggregat. Kommunen kan levera vatn frå tankvogn når det er problem med vassforsyninga i tørkeperiodar.

Berre eit fåtal av innbyggjarane er knytt til kommunale avløp. Me kjenner ikkje til forureining eller tendensar til dette. Kommunen ynskjer likevel å kartleggja alle avløp og følgja opp miljøtilstanden over tid.

Kommunen har delteke i oppstartsmøta på Vassområde Nordhordland, og vil arbeida vidare med miljøtilstanden i vassførekostane i kommunen gjennom deltakinga i dette prosjektet.

Tiltak:

- Revisjon av Hovudplan for vassforsyning
- Samarbeida med Gulen kommune om kapasitetsauke på Andvik vassverk
- Kartlegging av avløp og vurdering av miljøtilstanden i resipientane.
- Følgja opp vassprosjektet Vassområde Nordhordland, og arbeida for å sikra god miljøtilstand i vassførekostane i kommunen.



Landbruk

Hovudmål

Landbruket i Masfjorden opprettheld matproduksjonen og utviklar nye tilleggsnæringar. Landbruket er ein positiv ressurs for levande bygder, natur-og kulturlandskap og medverkar til folketalsauke i kommunen.

Status

Landbrukskontoret i kommunen skal gje landbruksnæringa informasjon og rettleiing i landbruksfaglege spørsmål.

Landbrukskontoret driv sakshandsaming og handsamar lovsaker. Like viktig er det at landbrukskontoret er aktiv når det gjeld ressursforvaltning og næringsutvikling i landbruket. Ikkje minst er det stort behov for etablerarrettleiing til unge bønder slik at desse tidleg kan sjå korleis dei kan utnytta ressursane på bruka sine, og få tilgang på offentlege tilskot og risikokapital.

Masfjorden har dei siste åra hatt vanskar med å rekruttera landbruksfagleg kompetanse. Som følge av dette har kommunen vedteke å søkja samarbeid med Gulen kommune om landbruksfagleg kompetanse. Gjennom dette samarbeidet vonar vi å etablere ei meir robust landbruksteneste.

Masfjorden har få heiltidsbønder. Gardane er likevel veldrivne, men når mange av bøndene har anna arbeid attåt garden, arbeider dei under stadig tidspress, og vi ser at talet på mjølkebønder og bruk i drift har gått kraftig ned. I kommuneplanprosessen har vi hatt temamøte om landbruk, og eit drøftingsmøte med styra i organisasjonane som organiserer bøndene i Masfjorden. Bøndene har streka under at eit tilgjengeleg og aktivt landbrukskontor kan spela ei avgjerande rolle for etablering av fagmiljø og utviklingstiltak i næringa. Særleg viktig er det med møteplassar som skaper motivasjon og samhandling mellom bøndene.

Masfjorden kommune har i samband med planprosessen utarbeidd og vedteke kjerneområde for landbruket. Dersom det kommunale landbrukskontoret skal vera til hjelp og oppnå resultat



for næringa, er det viktig med langsiktig og målretta innsats basert på statleg landbrukspolitikk og ressursane landbruket i Masfjorden har. Utarbeiding av ein landbruksplan vil vera ei viktig oppgåve i tida som kjem. Dersom ein slik plan skal bli god og målretta, er brukarmedverknad frå bøndene sine organisasjonane i planarbeidet særst viktig.

Masfjorden har svært spreidd busetnad, og bygdene er frå gammalt av landbruksbygder alle. Kulturlandskapet er framleis i hevd, men attgroing blir meir og meir synleg. Landbruket spelar ein avgjerande rolle for levande bygder og attraktivitet. Det er eit mål å halda oppe kulturlandskap og busetnad i bygdene våre.

Delmål 1

Masfjorden kommune skal arbeida aktivt for at produksjonen i landbruksnæringa vert oppretthalden og støtta utviklingstiltak i næringa.

Tiltak:

- Gjera avtale med Gulen kommune om samarbeid om landbruksfagleg kompetanse
- Utarbeida landbruksplan for Masfjorden
- Setja av midlar til utviklingsprosjekt i næringa.

Delmål 2

Aktivt arbeid for bevaring og utvikling av kulturlandskapstypene i kommunen vår

Tiltak:

- Bruka stadanalysar ved utvikling av bygdene våre
- Utarbeida plan og temakart for fjellområda med vekt på stolar og stølsvegar
- Utarbeida plan og temakart for eksisterande og planlagt småkraftutbygging





Kap 9: Kyrkja

Status

Masfjorden kyrkjelege fellesråd har ansvar for dei kyrkjelege tenestene i Masfjorden. Løn til soknepresten er dekkja av staten, og Fellesrådet får også noko direkte statsstøtte til delar av drifta. Gjennom budsjett og økonomiplanar set kommunen av størstedelen av dei økonomiske midlane til drift og vedlikehald av kyrkjene og løn til tilsette.

Kyrkjene er først og fremst arena for gudstenester og kyrkjelege handlingar. Kyrkjene blir og nytta til konsertar/kulturarrangement. For dei fleste av innbyggjarane i Masfjorden er kyrkjene viktige møteplassar i glede og sorg, for kyrkjelege handlingar og musikk- og kulturopplevingar.



Kyrkja er ein viktig aktør i lokalmiljøet i Masfjorden. Det er eit tett samarbeid mellom soknepresten og kommunen om hjelp til innbyggjarar i kriser og ulukker. Soknepresten er medlem i det kommunale kriseteamet og bidrar med svært nyttig kompetanse. Det kyrkjelege barne- og ungdomsarbeidet har stor oppslutnad og gjev eit omfattande og allsidig tilbod i alle delar av kommunen.

Kyrkjebygga og kyrkjegardane er og viktige kulturminne og vedlikehald må utførast etter retningsliner frå kompetente fagfolk på bispekontoret/riksantikvaren. Masfjorden har tre kyrkjer. Dette er mange i høve til folketalet, og ein ser av Kostra-tala at Masfjorden løyver betydeleg meir pengar pr innbyggjar til Kyrkjeleg Fellesråd enn kommunar det er naturleg å samanlikna med. Dei seinare åra har ein investert mykje i opprusting og vedlikehald av kyrkjene og vedlikehald/utviding av kyrkjegardane. Dette må halda fram til kartlagde behov er forsvarleg dekkja.

Kommunen skal ikkje setja mål for det kyrkjelege arbeidet. I kommuneplanssamanheng er det likevel viktig å synleggjera dette området. Masfjorden kommune har som mål å ha eit godt samarbeid med tilsette og tillitsvalde i kyrkja. Innafor dei rammer og ressursar som kommunen til ei kvar tid har, vil vi medverka til at kyrkja skal ha gode arbeidsvilkår og halda fram med å bidra positivt til lokalmiljøet.



